



Stranda kommune
Øyna 13
6200 STRANDA

Informasjon om innbyggjarhøyring i veke 3 og 4 i 2018 - krinsen Liabygda i Stranda kommune

Fylkesmannen vil med dette infoskrivet gjere greie for telefonundersøkinga som skal gjennomførast i samband med vår utgreiing av grensejustering. Dette gjeld mogleg grensejustering av krinsen Liabygda i Stranda kommune over til nye Fjord kommune.

Opinion AS vil på oppdrag frå Fylkesmannen gjennomføre telefonundersøkinga. Stranda kommune fekk oppdraget med å samle inn telefonnummer til alle innbyggjarar over 16 år i Liabygda. Alle tilgjengelege telefonnummer frå denne lista vil bli ringt opp inntil 10 gonger.

Det vil i telefonundersøkinga bli stilt eitt hovudspørsmål med tre svaralternativ.

Resultatet frå telefonundersøkinga vil være klart i veke 6, og blir då sendt over til kommunen og representant for innbyggjarane i Liabygda.

Fylkesmannen vil i løpet av veke 1 sende faktagrunnlaget omkring grensejusteringa til Stranda kommune med kopi til representant for innbyggjarane.

Vi oppmodar kommunen om å legge ut all informasjon om utgreiinga/telefonundersøkinga av grensejusteringa på sine heimesider, og synleggjere for innbyggjarane kva slags telefonnummer som ringer dei opp i undersøkinga. Fylkesmannen legg også ut aktuell informasjon på våre [heimesider](#).

Sjå viktig informasjon i vedlegget

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1 VIKTIG INFORMASJON

Kopi:

Kjell Martin Ringset Mehaugen 18 6212 LIABYGDA